



Foss utviklingsselskap AS  
Kvassnesvegen 23  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 14/2352 - 14/26176

Saksbehandlar:  
Eirik Schütz  
eirik.schutz@lindas.kommune.no

Dato:  
24.11.2014

## **INFORMASJON OM FORMANNSKAPET SITT VEDTAK AV 4. SEPTEMBER 2014 – FATTA I ETTERKANT AV GJENNOMGANGEN AV ”JURIDISK UTREDNINGEN I SAKER KNYTTET TIL FOSS UTVIKLINGSSELSKAP AS”**

### **1 INNLEDNING**

Vedlagt følgjer Lindås kommune sitt vedtak av 4. september 2014 vedrørende saker knytt til Foss Utviklingsselskap AS.

Vedtaket er også sendt tidlegare. For ordens skyld er også den juridiske utgreiinga vedlagt.

Lindås kommune ønskjer å gje ei samla tilbakemelding til selskapet om dei sakene som blei vurdert i den juridiske utgreiinga som låg til grunn for handsaming i formannskapet.

### **2 VEDTAK FRA FORMANNSKAPET AV 4. SEPTEMBER 2014**

#### **2.1 Regularingsplan for gnr 188 bnr 737 (“Thomassentomta”)**

Lindås kommune avviste klagen på vedtaket. Saka blei sendt til Fylkesmannen for endelig avgjerd. Denne tok ikkje klagen til følgje og stadfesta planen.

Med dette som bakgrunn ser Lindås kommune saka som avslutta og vil ikkje foreta seg noko ytterlegare i anledning saka. Det blir vist til vedtaket punkt 1.

#### **2.2 Påpeking av ulovlig byggearbeid. Klage av 05.01.12., på påpekinsgebyr i gjerdesaka.**

Det aktuelle gebyret er trekt tilbake og kreditert.

Med dette som bakgrunn ser Lindås kommune saka som avslutta og vil ikkje foreta seg noko ytterlegare i anledning saka. Det blir vist til vedtaket punkt 2.



## **2.3 Avgift for saksbehandling av bygg. klage av 04.01.12., gebyr for avslag på rammeløyve i 2004.**

Det aktuelle gebyret er trekt tilbake og fakturaen er kreditert.

Med dette som bakgrunn ser Lindås kommune saka som avslutta og vil ikke foreta seg noko ytterlegare i anledning saka. Det blir vist til vedtaket punkt 3.

## **2.4 Forvaltningsrapporten – intervjureferat. Foss utviklingsselskap sitt krav om revisjon av tilsynsrapporten fra Deloitte (vedtaket punkt 4).**

Lindås kommune har forstått Foss Utviklingsselskap AS slik at det er reist krav om innsyn i dei aktuelle intervjureferata som låg til grunn for Deloitte sin forvaltningsrevisjonsrapport. Denne saka må behandlast administrativt i Lindås kommune.

Krav om innsyn i dei aktuelle intervjureferata vil bli behandla av Lindås kommune og det vil bli gjort eit vedtak i saka i løpet av kort tid.

Dette vil Foss Utviklingsselskap AS bli orientert om i samsvar til føresegne i forvaltningslova.

## **2.5 Bygesak 033/02 og sak 243/2. Klage på bygesak frå reklamehuset (vedtaket punkt 5).**

Klagesakene er ferdigbehandla hjå kommunen og vil ikke bli behandla på nytt. Lindås kommune må likevel, som følgje av kommunen si rettleiingsplikt, vurdere om Foss Utviklingsselskap AS har krav på dekning av sakskostnader etter forvaltningslova § 36.

Krav om dekning av sakskostnader vil bli behandla administrativt av Lindås kommune og det vil bli gjort eit vedtak i saka. Dette vil Foss Utviklingsselskap AS bli orientert om i samsvar med føresegene i forvaltningslova.

## **2.6 Gjerdesaka**

Lindås kommune har det syn at gjerdet som er satt opp på Foss Utviklingsselskap AS' eiendom, ikke er å sjå som eit søknadspliktig tiltak.

Med dette som bakgrunn ser Lindås kommune saka som avslutta og vil ikke foreta seg noko ytterlegare i anledning saka. Det blir vist til vedtaket punkt 6. Reklamehuset AS vil bli orientert om kommunen sitt standpunkt i denne saka.

Det blir også presisert at kommunen sitt standpunkt ikke grip inn i privatrettslige forhold.

## **2.7 Parkeringsplasser på gnr 188 bnr 633 – Reklamehuset**

Foss Utviklingsselskap AS har reist spørsmål om manglande parkeringsplasser på gnr 188 bnr 633, Reklamehuset. Slik Lindås kommune ser saka, er dette ei sak mellom kommunen og Reklamehuset. Lindås kommune kan derfor ikke sjå at Foss Utviklingsselskap AS kan rette noko krav mot kommunen i denne saka.

Med dette som bakgrunn ser Lindås kommune saka som avslutta og vil ikke foreta seg noko ytterlegare i anledning saka. Det blir vist til vedtaket punkt 7.

**2.8 Gjerdesak – forhandlingsutval. Semje mellom foss utviklingsselskap, reklamehuset og Lindås kommune (framlegg til ”avtale” av 30.04.10)**

Lindås kommune går ikkje inn på avtalen ”Forslag til semje”.

Med dette som bakgrunn ser Lindås kommune saka som avslutta og vil ikkje foreta seg noko ytterlegare i anledning saka. Det blir vist til vedtaket punkt 8.

**2.9 Avtale mellom Reklamehuset og Lindås kommune om midlertidig rett til tilkomst over Lindås kommune sin eide**

Det er inngått ein privatrettslig avtale mellom Lindås kommune og Reklamehuset vedrørende midlertidig tilkomst for Reklamehuset over Lindås kommune sin eide, gnr 188 bnr 370 i Lindås kommune.

Avtalen er ein privatrettslig avtale som berre gjer rettar og plikter for avtalepartane.

Foss Utviklingsselskap AS kan ikkje krevje å bli part i avtalen. Det blir også gjort merksemd på at Foss Utviklingsselskap AS heller ikkje kan påleggast plikter som følgje av den aktuelle avtalen.

Med dette som bakgrunn ser Lindås kommune saka som avslutta og vil ikkje foreta seg noko ytterlegare i anledning saka. Det blir vist til vedtaket punkt 9.

**3 AVSLUTTENDE MERKNADER**

Lindås kommune ser dei nemnde sakene som avslutta, med unntak av dei sakene som skal behandlast av administrasjonen.

Sakene som er angitt under punkt 2.4 og 2.5 i dette brevet vil bli ferdigbehandla innan 14 dagar.

Dette til orientering.

Med helsing

Eirik Schütz  
kommuneadvokat

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Foss utviklingsselskap AS

Kvassnesvegen 23 5914

ISDALSTØ